

Helge Sandvik  
Sandvikavegen 354  
5915 HJELMÅS

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 22/7553 - 22/92602

Sakshandsamar:  
Svein Arne Vågane  
[svein.arne.vagane@alver.kommune.no](mailto:svein.arne.vagane@alver.kommune.no)

Dato:  
05.12.2022

## Løyve til bygging av landbruksveg - gbnr. 204/2 Sandvik og 205/1 Hakseter i Alver kommune

Administrativt vedtak: Saknr: 1379/22

### VEDTAK:

Med heimel i forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksvegar gjev Alver kommune Helge Sandvik løyve til å byggje landbruksveg om lag som omsøkt den 17.10.2022 på gnr. 204/2 Sandvik og 205/1 Hakseter i Alver.

### Vilkår:

- Om det kjem fram kulturminne under arbeidet skal arbeidet stoggast omgåande og Vestland fylkeskommune varslast.
- Så langt råd er skal ein avgrense inngrep i steingard som er i området.
- Avkørsle til offentleg veg eventuelt bruksendring må vere godkjent før arbeidet med vegen startar opp.
- Det må liggje føre skrifteleg godkjenning frå alle grunneigarar/interessentar av vegen før arbeidet med vegen tek til.
- Nabobruk, som i framtida kan ha nytte av vegen for uttak av skog på sin eideom, skal ha høve til å kjøpe seg inn i vegen eller kunne leige den.
- Vegen må byggjast i samsvar med tekniske krav stilt i «normaler for landbruksveier – med byggebeskrivelse» for vegklasse 3.
- Vedtaket er gyldig til 31.12.2025.
- Arbeidet skal vere ferdig innan 31.12.2026.
- Om ikkje arbeidet ikkje arbeidet er sett i gong innan frist for løyvet, fell løyvet bort jf. forskrift 2015 – 05-28-550 om planlegging og godkjenning av landbruksvegar.
- Etter ferdig bygging skal området ryddast.

Om ikkje arbeidet er sett i gong innan frist for løyvet, fell løyvet bort jf. landbruksvegforskrifta § 3-2.

### Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug  
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

[post@alver.kommune.no](mailto:post@alver.kommune.no)  
[www.alver.kommune.no](http://www.alver.kommune.no)

Kontonummer: 3207 29 30559  
Organisasjonsnummer: 920 290 922

## Saka gjeld

Helge Sandvik – eigar av gnr. 204, bnr. 2 – søker om løyve til å bygge om lag 300 m skogsveg i vegklasses 3 - landbruksbilvei. I sør startar vegen på gnr. 204, bnr. 2 før den etter få meter går over på naboeigedommen gnr. 205, bnr. 1 (eigar Åse Hagesæter). Vegen vil i all hovudsak løyse ut skog på gnr. 205, bnr. 1. Opphaveleg var òg eigar av gnr. 207, bnr. 3 med i prosjektet. På grunn av eigarskifte som kom brått på, er deltaking frå dette bruket ikkje aktuelt no.




Fig. 1. Vegen skal byggjast om lag etter denne traséen. Arbeidet er starta opp på gnr. 204, bnr. 2 slik fig. 2 neste side syner.



Fig. 2. Vi ser fv. 5452 i bakgrunnen til venstre. Vidare ser vi nyanlegget der det tek av på eksisterande veg og går innover mot grensa til gnr. 205, bnr. 1....



Fig. 3. ... der anlegget om lag stoggar per no.



Fig. 4. Ein del av vegen vert lagt på gamal veg som skal klassifiserast opp.



Fig. 5. I nordleg ende går veglina delvis over ei myr. Vi rår til at vegen vert lagt så langt opp mot venstre i biletet, slik at ein unngår minst mogeleg brot i myra. Skogkanten til venstre markerer grensa mellom gnr. 205, bnr. 1 og gnr. 207, bnr. 7.



Fig. 6. Delar av skogen er ikkje hogstmoden enno.

#### VURDERING:

Føremålet med «Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveien» er å sikre at planlegging og bygging av landbruksvegar skjer på ein måte som gjev landbruksfaglege heilskapsløysingar. Samstundes skal det leggjast vekt på omsynet til miljøverdiar som naturmangfold, landskap kulturminne og friluftsliv, omsynet til fare for flaum, erosjon og lausmasseskred og andre interesser som vert råka av framføringa av vegen.

Vegen gjev tilkomst til framtidig uttak av skog på gnr. 205, bnr. 1. Vegen er i tråd med føremålet i landbruksvegforskrifta.

Etter søk i Naturbasen via gardskartet og Artsdatabanken er det ikkje funne registreringar som vert påverka av vegbygginga.

Søknaden har vore sendt på høyring til regionalt kulturminnemynde og internt i kommunen for vurdering i høve i kulturminne- og friluftsinteresser. Søknaden er òg sendt til Statsforvaltaren.

Vestland fylkeskommune har ikkje kjennskap til automatiske freda kulturminne eller andre verneverdig kulturminne som det omsøkte tiltaket kan kome i konflikt med. Dei har såleis ingen avgjerande merknader i saka, men held fram at ein under opparbeidning av vegen søker unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar og tufter med meir.

Fylkeskommunen minner òg om meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2.ledd. Om automatisk freda kulturminne som funn av gjenstandar, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast frå om til Vestland fylkeskommune.

Alt arbeid må då stansast til rette forvalningsstyresmakt har vurdert funnet. Gransking vil verte utført mindre enn tre dagar etter at fylkeskommunen har fått teke i mot slik melding.

Statsforvaltaren har ikkje avgjerande merknader til søknaden, men peikar på at gnr. 207, bnr. 3 eventuelt må få høve til å kjøpe eller leige seg inn for å kunne drive skogen i Storbotnen på andre sida av nabogrensa nord for enden av vegen. Kommunen stiller seg bak dette og det er òg i tråd med landbruksvegforskrifta § 1 om landbruksfaglege heilskapsløysingar.

Slike søknadar skal vurderast etter naturmangfaldslova §§ 8-12 jf. § 7. Ut frå det som kjem fram ovanfor finn vi at kravet om kunnskapsgrunnlaget i naturmangfaldslova § 8 er godt nok til å fatte vedtak. Vidare er «føre-van» prinsippet teke i vare med det kunnskapsgrunnlaget som ligg føre, slik intensjonane i naturmangfaldslova § 9 føreset. Vi kan heller ikkje sjå at den samla byrda for økosystemet er nemneverdig lidande jf. naturmangfaldslova § 10. Vegen er avgrensa i omfang og gjev heller ikkje, etter kommunen sitt syn, nemneverdige ulemper og gjev slik sett best mogleg lokalisering jf. naturmangfaldslova §§ 11 og 12.

Vegen løyer ut hogstmoden skog i eit omfang av 1.500m<sup>3</sup>. Kostnad på nyanleggget er stipulert til kr. 400.000,-. Med dei tømmerprisane som er i dag (bruttopris om lag 600kr/m<sup>3</sup>), syner vegprosjektet god lønnsemd.

Opphaveleg var søknaden som nemnt tenkt å gå over gnr. 207, bnr. 3 òg. Det har brått kome nye eigalar på dette bruket, som ikkje ynskjer å vere med i tiltaket no. Om dei i framtida ynskjer å ta ut sko og slik sett vil trenge å bruke denne vegen, skal dei få høve til å kjøpe seg inn i vegen, eventuelt leige denne til føremålet. Dette stettar òg dei tankane som Statsforvaltaren har kome med.

Vi oppfattar det slik at vegavkørsle til offentleg veg ikkje er avklart med vegmynde. Slik traséen er teikna inn, skal ikkje ny avkørsle frå Fv 5452 etablerast, men det kan kome krav om endringsløyve. I fylgje forskrift om planlegging og bygging av landbruksvegar § 2-2 skal avkørsle frå offentleg veg og veltepllassar som vert lagt inntil offentleg veg, ha godkjenning av vegmyndet før kommunen gjev løyve til bygging. Vi legg til grunn i vårt løyve at så vert gjort.

Søkjar søker fritak for nabovarsling. I § 2-3 i forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksvegar står det at «*søkeren skal på forhånd ha underrettet de som blir berørt av veitiltaket og gi opplysninger i søknaden om at dette er gjort*». Ut i frå opplysningar i søknaden, meiner vi plikta til å varsle aktuelle naboar alt er gjennomført.

Kommunen har likevel ikkje teke stilling til privatrettslege tilhøve i si vurdering. Vi meiner at søker lyt syte for skrifteleg fullmakt frå grunneigar der vegen er tenkt lagt på annan eigedom enn den søker eig.

## Regelverk

- Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier
- Normaler for landbruksveier – med byggebeskrivelse
- Naturmangfaldslova
- Forvalningslova

## Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

## Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvært.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «22/553»

Med venleg helsing  
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge  
Avdelingsleiar

Svein Arne Vågane  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Helge Sandvik

Sandvikavegen 354

5915

HJELMÅS